

Sagstad Skulekorps
Postoks 131
5918 FREKHAUG

Frekhaug 11.02.2015

Til:

Meland Kommune
Kultureininga / Utval for Levekår
v/Bente Bing Kleiva

Søknad om auke av stillingsstorleik til 30% for dirigent/instruktørtjenester Sagstad Skulekorps

Sagstad Skulekorps har gjennom mange år fått kjøpt dirigent/instruktørtjenester tilsvarande 2 timer per veke gjennom Meland Kommune. Dette tilsvarer 10,3% stillingsstorleik. For desse to timane per veke vil då Meland Kommune dekke ein stor del av kostnadene vi har for instruksjonen. I skuleåret 2014/2015 fekk vi innvilga 15% stillingsstorleik pga ledige midlar. Dette har gjort at vi har hatt moglegheit til å auka antal timar med instruksjon utan at det har gått ut over annan drift slik som for eksempel innkjøp av instrumenter og noter.


Per veke er antal instruksjonstimar i skulekorpset langt høgare enn det vi har fått innvilga kjøp for gjennom kommunen. Hovedkorpset øver 2 timer per veke og juniorkorpset øver 1,25 time per veke. I tillegg har vi gruppe og individuell undervisning med instruktør for aspirantene og dei yngste musikantene i 6,5 timer per veke. Til saman må skulekorpset lønna dirigent/instruktør for 9,75 timer kvar veke. Seminar og konserter kjem i tillegg. Instruktørane treng også noko tid til førebuing som ikkje er tatt med her. Det er derfor nødvendig å skaffa ganske så store beløp gjennom loddsalg, basar, kontingent, stønadsordningar med meir for å drifta korpset. For å rekneskapsåret 2014 var utgiftene til instruksjon utanom dei timane kommunen støtta oss, kr. 99.509,-

Sagstad Skulekorps har det siste året kun brukt profesjonelle instruktører med formell fagleg kompetanse. Sjølv om dette har auka kostnadene våre, så ser vi at musikantane har hatt stor nytte av det. Hovedkorpset gjer det bra på konkurranser og konserter og vi har også fått eit juniorkorps opp å gå. Per februar 2015 har Sagstad Skulekorps 23 musikanter og 3 aspiranter som får musikkopplæring på høgt nivå. Dette er eit viktig tilbod til born og unge i Meland Kommune.

Vi søker derfor om å få auka stillingsstorleiken for dirigent/instruktørtjenester til 30% frå og med skuleåret 2015/2016. Vi vil også nevna at dersom dette blir innvilga, så vil det løfta oss nesten opp på nivå med det andre skulekorpset i kommunen, Rossland Skulekorps, som i mange år har hatt 6 timer/veke frå kommunen (30,8%). I Lindås kommune får alle skulekorps 30% stillingsstorleik.

Med venleg helsing

For Sagstad Skulekorps


Leiar Irene Langhelle